



DELÅRSRAPPORT

3. kvartal 2023

Voss, 14. november 2023
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2023

GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Aktiv Voss AS fekk konsesjon for egedomsmeikling 8.9.2022, og opna Aktiv egedomsmeiklar kontor på Voss i Skulegata 2 den 29.10.2022.

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 3. kvartal på 71,4 mill. kr. Dette er ein auke på 22,0 mill. kr i høve til same periode i 2022. Resultat av ordinær drift før skatt er 67,5 mill. kr mot 47,9 mill. kr i 2022. Resultat etter skatt er 51,2 mill. kr mot 37,0 mill. kr i 2022.

Totalresultat pr. utgangen av 3. kvartal 2023 er 51,0 mill. kr mot 39,6 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei framleis positiv utvikling i basisdrifta. Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 10,2 % pr. utgangen av 3. kvartal i år mot 8,1 % for tilsvarende periode i fjor. Styrkinga kjem av god underliggjande drift, utlånsvekst og god vekst i andre inntekter.

For 3. kvartal isolert er resultat før tap 26,9 mill. kr, resultat før skatt 25,3 mill. kr, resultat etter skatt 18,8 mill. kr, og totalresultat 18,8 mill. kr. Eigenkapitalavkastninga etter skatt for kvartalet er 11,2 %.

RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 3. kvartal er bokført til 98,1 mill. kr. Dette er ein auke på 18,8 mill. kr frå same periode i 2022. Dette skuldast både volumvekst og auke i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 3. kvartal 2,18 % (1,85 %).

Isolert for 3. kvartal var netto rente- og kredittprovisjonsinntekter 36,0 mill. kr.

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 3. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 27,7 mill. kr. Dette er ein auke med 17,4 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter er uendra i høve til 2022, medan utbytte og netto verdiendring på finansielle instrument har auka med 13,3 mill. kr. Vidare bidreg Aktiv Voss AS med ein auke i andre inntekter på 4,2 mill. kr.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 10,7 mill. kr.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 3. kvartal bokført til 54,4 mill. kr mot 40,2 mill. kr i fjor. Lønn og andre personalkostnader har auka med 5,4 mill. kr i høve til 2022, medan andre driftskostnader har auka med 8,8 mill. kr. Av kostnadsauken er 3,3 mill. kr knytt til Aktiv Voss AS, og fordelt med 1,5 mill. kr i personalkostnader og 1,8 mill. kr i andre driftskostnader. Øvrig auke skuldast i hovudsak auka IKT kostnader og kostnader i samband med byte av datasentral. Det er ført

ekstraordinære eingongskostnader i samband med byte av datasentral pr. 3. kvartal på vel 5,2 mill. kr. Avskrivningane er på same nivå som i 2022.

Isolert for 3. kvartal er driftskostnadane 19,7 mill. kr.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 3. kvartal har banken netto kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med 3,9 mill. kr mot 1,5 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 5.

For 3. kvartal isolert er det netto kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med kr 1,6 mill. kr.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevise nedskrivningane knytt til auka usikkerheit med kraftig inflasjons- og renteauke og krigen i Ukraina på 5,3 mill. kr. i 3. kvartal 2023. Dette grunna framleis usikkerheit kring den økonomiske utviklinga på lengre sikt.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 3. kvartal er 6.833 mill. kr. Dette er ein auke på 554 mill. kr (+8,8 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 6.203 mill. kr. ved utgangen av 3. kvartal.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 3. kvartal på 4.361 mill. kr. Dette er ein auke på 353 mill. kr (+8,8 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 3. kvartal er 81,4 % mot 80,0 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 3. kvartal har auka med 144 mill. kr.

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 3. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 430 mill. kr (+7,7 %). Utlånsauken til privatkundar er 268 mill. kr (+5,8 %), medan auken til næringskundar er 162 mill. kr (+16,9 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 3. kvartal 5.987 mill. kr (5.556 i 3. kvartal 2022).

For 3. kvartal isolert har det vore ein utlånsvekst på 64 mill. kr., og fordelt med 63,8 mill. kr til privatkundar og 0,2 mill. til næringskundar.

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.357 mill. kr mot 5.010 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2022. Av samla utlån er 1.126 mill. kr (21,0 %) utlån til næringsverksemd og 4.231 mill. kr (79,0 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjør ved utgangen av 3. kvartal 630 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 13,0 % mot 11,9 % i 2022. Dette utgjør 10,5 % (9,8 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 3. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.059 mill. kr mot 982 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2022. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 3. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 741 % og NSFR 138 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 21,89 % ved utgangen av 3. kvartal mot 22,58 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 646,0 mill. kr, mot 624,1 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 586,0 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 536,0 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 19,86 % (20,41 % i 3. kv. 2022) og ei rein kjernekapitaldekning på 18,16 % (18,97 % i 3. kv. 2022) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,3 % ved utgangen av 3. kvartal 2023 mot 9,6 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Bankens konsoliderte kapitaldekning er 21,65 % ved utgangen av 3. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 19,61 % og 17,88 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,95 %.

REVISJON

Kvartalsrekneskapsen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2023

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrkjer banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina kombinert med vedvarande høg inflasjon har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen har bite seg fast på eit svært høgt nivå, og kombinert med stigande renter er dette venta å føre til eit lågare aktivitetsnivå frametter. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Norges Bank har i det siste vel året lyfta styringsrenta rekordraskt, men det er venta at rentetoppen snart er nådd. Høgare renter vil påverke aktiviteten og investeringane framover.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapsen for 3. kvartal 2023 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapsen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 14. november 2023


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Stein Kvarekvål
Styreleiar


Olav Seim


Hege Solbakken


Kathrine Løno Lahlum
Nestleiar


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

Resultat - Konsern		3. kvartal isolert	3. kvartal	3. kvartal	Året
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	2023	2022	30.9.23	31.12.22
Renteinntekter frå eigenlutar vurdert til amortisert kost		79.779	44.578	211.084	174.782
Renteinntekter frå øvrige eigenlutar		0	0	0	0
Rentekostnader og liknande kostnader		43.828	15.843	112.967	65.446
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		35.951	28.736	98.117	109.336
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		4.035	4.530	12.486	17.121
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		821	600	2.043	2.221
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		0	0	3.360	4.571
Netto verdiending og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	6.124	-1.375	9.708	2.692
Andre driftsinntekter		1.374	0	4.163	466
Netto andre driftsinntekter		10.712	2.554	27.673	22.630
Løn og andre personalkostnader		8.587	6.263	22.510	24.245
Andre driftskostnader		10.784	7.426	30.814	33.957
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigenlutar		355	374	1.112	1.528
Sum driftskostnader		19.726	14.062	54.436	59.730
Resultat før tap		26.937	17.228	71.354	72.236
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5	1.643	-125	3.851	1.731
Resultat før skatt		25.294	17.353	67.502	70.505
Skattekostnad		6.489	4.200	16.276	16.310
Resultat av ordinær drift etter skatt		18.805	13.153	51.226	54.195
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>					
Verdiending eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7	-51	2.438	-250	5.980
Skatt					
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		-51	2.438	-250	5.980
Verdiending utlån til verkeleg verdi			17		125
Verdiending renteberande verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat					53
Skatt			-4		-31
Sum postar som vil bli klassifisert over resultatet		0	13	0	94
Totalresultat		18.754	15.604	50.976	60.269
Resultat per aksje		8,0	6,05	21,60	16,80
Resultat etter skatt					
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		17.592		47.550	52.012
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.095		3.363	2.234
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		118		313	-51
Totalresultat					
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		17.540		47.299	58.086
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.095		3.363	2.234
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		118		313	-51

Resultat - Morbank	Note	3. kvartal isolert		3. kvartal	3. kvartal	Året
		2023	2022	30.9.23	30.9.22	31.12.22
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Renteinntekter fra egenlutar vurdert til amortisert kost		79.784	44.578	211.122	118.659	174.787
Renteinntekter fra øvrige egenlutar		0	0	0	0	-200
Rentekostnader og liknande kostnader		43.828	15.843	112.967	39.294	65.246
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		35.956	28.736	98.155	79.365	109.341
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		4.036	4.530	12.486	12.115	17.121
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		821	600	2.043	1.662	2.221
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		0	0	3.360	3.976	4.571
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	6.124	-1.375	9.708	-4.198	2.692
Andre driftsinntekter		3	0	3	17	17
Netto andre driftsinntekter		9.341	2.554	23.513	10.247	22.181
Løn og andre personalkostnader		8.125	6.263	21.035	17.061	24.066
Andre driftskostnader		10.202	7.426	29.026	22.004	33.570
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egenlutar		342	374	1.073	1.147	1.516
Sum driftskostnader		18.670	14.062	51.134	40.212	59.152
Resultat før tap		26.628	17.228	70.534	49.400	72.370
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5	1.643	-125	3.851	1.541	1.731
Resultat før skatt		24.985	17.353	66.683	47.859	70.639
Skattekostnad		6.421	4.200	16.096	10.840	16.339
Resultat av ordinær drift etter skatt		18.564	13.153	50.587	37.020	54.300
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7	-51	2.438	-250	2.555	5.980
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		-51	2.438	-250	2.555	5.980
Verdiendring utlån til verkeleg verdi		0	17	0	53	125
Skatt		0	-4	0	-13	-31
Sum postar som vil bli klassifisert over resultatet		0	13	0	40	94
Totalresultat		18.512	15.604	50.336	39.615	60.374
Resultat per aksje		7,90	6,05	21,40	16,80	23,60

Balanse - Eigenlutar - Konsern

Tal i tusen kroner	Note	30.9.23	30.9.22	31.12.22
<i>Balanse - Eigenlutar - Konsern</i>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
Kontantar og kontantekvivalentar		78.375	77.613	76.809
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		204.877	123.723	149.017
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5	3.921.806	3.744.149	3.740.093
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5	1.410.939	1.236.781	1.322.257
Aksjar, andelar og andre egenkapitalinstrument	Note 7	566.231	529.222	549.012
Varige driftsmiddel		16.751	17.287	17.006
Andre egenlutar		5.615	4.026	6.360
Sum egenlutar		6.204.593	5.732.801	5.860.553

Balanse - Gjeld og eigenkapital

Tal i tusen kroner	Note	30.9.23	30.9.22	31.12.22
<i>Balanse - Gjeld og eigenkapital</i>				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
Innlån frå kredittinstitusjonar		0	20	24
Innskot frå kundar		4.360.785	4.007.921	4.070.793
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8	1.059.167	982.036	989.974
Anna gjeld		16.226	34.210	28.960
Forpliktingar ved skatt		15.885	10.569	16.533
Andre avsetningar		337	444	463
Ansvarleg lånekapital	Note 8	60.131	60.065	60.109
Sum gjeld		5.512.532	5.095.266	5.166.855
Innskoten eigenkapital		58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		532.527	502.349	559.278
Fondsobligasjonskapital		50.201	40.153	76.313
Resultat i perioden etter skatt		50.914	37.020	0
Ikkje kontrollerte eigarinteresser		406		93
Sum eigenkapital		692.062	637.536	693.698
Sum gjeld og eigenkapital		6.204.593	5.732.801	5.860.553

Balanse - Eigenlutar - Morbank				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
	Note	30.9.23	30.9.22	31.12.22
Kontantar og kontantekvivalentar		78.375	77.613	76.809
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		204.877	123.723	149.017
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5	3.921.806	3.744.149	3.740.516
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5	1.410.939	1.236.781	1.322.257
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7	566.231	529.222	549.012
Eigarinteresser i konsernselskap		153	0	153
Varige driftsmiddel		16.447	17.287	16.660
Andre eigenlutar		4.227	4.026	5.931
Sum eigenlutar		6.203.054	5.732.801	5.860.355
Balanse - Gjeld og eigenkapital				
<i>Tal i tusen kroner</i>				
		30.9.23	30.9.22	31.12.22
Innlån frå kredittinstitusjonar		0	20	24
Innskot frå kundar		4.360.954	4.007.921	4.074.831
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8	1.059.167	982.036	989.974
Anna gjeld		15.345	34.210	24.760
Forpliktingar ved skatt		15.735	10.569	16.533
Andre avsetningar		337	444	463
Ansvarleg lånekapital	Note 8	60.131	60.065	60.109
Sum gjeld		5.511.670	5.095.266	5.166.693
Innskoten eigenkapital		58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		532.583	502.349	559.335
Fondsobligasjonskapital		50.201	40.153	76.313
Resultat i perioden etter skatt		50.587	37.020	0
Sum eigenkapital		691.385	637.536	693.662
Sum gjeld og eigenkapital		6.203.054	5.732.801	5.860.355

Voss, 14. november 2023


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Stein Kvarekvål
Styreleiar


Olav Seim


Hege Solbakken


Kathrine Løno Lahlum
Nestleiar


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital		Ikkje-kontrollerende eigarinteresser	Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fonds-obligasjon	Fond for urealiserte vinstar	Annan opptent egenkapital		
Eigenkapital 31.12.2022	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.876	93	693.698
Resultat etter skatt				3.363	-256	47.806	313	51.226
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-664			-664
Vinst sal eigenkapitalinstrument						413		413
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)								0
Skatt på verdiendring utlån								0
Totalresultat 30.09.2023	0	0	0	3.363	-920	48.219	313	50.976
Utbetalt utbytte						-23.138		-23.138
Utbetalte renter hybridkapital				-3.474				-3.474
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000				-26.000
Eigenkapital 30.09.2023	11.103	-84	46.995	50.202	32.481	550.957	406	692.062
Eigenkapital 31.12.2021	11.103	-84	46.995	40.108	28.020	495.321	0	621.464
Resultat etter skatt				1.441	-385	35.964		37.020
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					2.555			2.555
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					53			53
Skatt på verdiendring utlån					-13			-13
Totalresultat 30.09.2022	0	0	0	1.441	2.210	35.964		39.615
Utbetalte renter hybridkapital				-1.396				-1.396
Utbetalt utbytte						-22.147		-22.147
Eigenkapital 30.09.2022	11.103	-84	46.995	40.153	30.230	509.138		637.536
Eigenkapital 31.12.2021	11.103	-84	46.995	40.108	28.020	495.321	0	621.464
Resultat etter skatt				2.234	-512	52.524	-51	54.195
Vinst sal eigenkapitalinstrument						181		181
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					5.799			5.799
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					125			125
Skatt på verdiendring utlån					-31			-31
Totalresultat 31.12.2022	0	0	0	2.234	5.381	52.705	-51	60.269
Transaksjonar med eigarane							147	147
Stiftingskostnad dotterselskap						-3	-3	-6
Utbetalte renter hybridkapital				-2.029				-2.029
Utferding av ny fondsobligasjon				50.000				50.000
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000				-14.000
Utbetalt utbytte						-22.147		-22.147
Eigenkapital 31.12.2022	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.876	93	693.698

EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital		Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fonds-obligasjon	Fond for urealiserte vinstar	Annan opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2022	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.933	693.662
Resultat etter skatt				3.363	-256	47.480	50.587
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-664		-664
Vinst sal eigenkapitalinstrument						413	413
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)							0
Skatt på verdiendring utlån							0
Totalresultat 30.09.2023	0	0	0	3.363	-920	47.893	50.336
Utbetalt utbytte						-23.138	-23.138
Utbetalte renter hybridkapital				-3.474			-3.474
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000			-26.000
Eigenkapital 30.09.2023	11.103	-84	46.995	50.202	32.481	550.688	691.386
Eigenkapital 31.12.2021	11.103	-84	46.995	40.108	28.020	495.321	621.464
Resultat etter skatt				1.441	-385	35.964	37.020
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					2.555		2.555
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					53		53
Skatt på verdiendring utlån					-13		-13
Totalresultat 30.09.2022	0	0	0	1.441	2.210	35.964	39.615
Utbetalte renter hybridkapital				-1.396			-1.396
Utbetalt utbytte						-22.147	-22.147
Eigenkapital 30.09.2022	11.103	-84	46.995	40.153	30.230	509.138	637.536
Eigenkapital 31.12.2021	11.103	-84	46.995	40.108	28.020	495.321	621.464
Resultat etter skatt				2.234	-512	52.578	54.300
Vinst sal eigenkapitalinstrument						181	181
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					5.799		5.799
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					125		125
Skatt på verdiendring utlån					-31		-31
Totalresultat 31.12.2022	0	0	0	2.234	5.381	52.759	60.374
Transaksjonar med eigarane							-
Utbetalte renter hybridkapital				-2.029			-2.029
Utferding av ny fondsobligasjon				50.000			50.000
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000			-14.000
Utbetalt utbytte						-22.147	-22.147
Eigenkapital 31.12.2022	11.103	-84	46.995	76.313	33.401	525.933	693.662

KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING - KONSERN

<i>Tal i tusen kroner</i>	3. kvartal 2023	3. kvartal 2022
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Netto utbetaling av lån til kunder	-266.413	24.206
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	204.063	117.809
Netto inn-/utbetaling av innskot fra kunder	286.123	37.694
Renteutbetalinger på innskot fra kunder	-72.272	-21.437
Netto inn-/utbetaling av lån fra kredittinstitusjoner/innskot i kredittinstitusjoner	-24	-3
Renteutbetalinger på gjeld til kredittinstitusjoner/renteinnbetalinger på innskot kredittinstitusjoner	7.059	848
Endring på sertifikat og obligasjoner	10.443	0
Netto provisjonsinnbetalinger	385	10.453
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringer i verdipapir	0	420
Utbetalinger til drift	-64.151	-30.427
Betalt skatt	-16.893	-15.400
A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	88.319	124.163
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Netto investering i varige driftsmidler	-860	-770
Netto investering i langsiktige verdipapir	-12.223	-24.198
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjar	3.360	3.976
B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet	-9.723	-20.992
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	275.000	225.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-207.000	-300.000
Renteutbetalinger på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-34.099	-15.325
Innbetaling ved lån fra kredittinstitusjoner	0	0
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjoner	0	0
Renter på gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån	0	0
Innbetaling ved utferding av ansvarlege lån	0	0
Utbetaling ved forfall ansvarlege lån	0	0
Renteutbetaling på ansvarlege lån	-2.456	-1.382
Innbetaling ved utferding av fondsobligasjonskapital	0	0
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital	-26.000	0
Renter på fondsobligasjon	-3.475	-1.396
Kjøp og sal av egne aksjar	0	0
Emisjon av aksjar	0	0
Aksjeutbytte	-23.139	-22.147
C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet	-21.169	-115.250
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	57.427	-12.079
Likviditetsbeholdning 1.1	225.825	213.414
Likviditetsbeholdning 30.09	283.252	201.335
Likvidetsbeholdning spesifisert:		
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	78.375	77.613
Fordringer på kredittinstitusjoner	204.877	123.723
Likviditetsbeholdning	283.252	201.336

NOTE 1 - Generell informasjon

Banken har frå 4. kvartal 2022 konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Aktiv Voss AS fekk konsesjon for eigedomsmekling 8.9.2022, og opna Aktiv eigedomsmeklar kontor på Voss i Skulegata 2 den 29.10.2022.

Den vedvarande krigen i Ukraina fører til usikkerheit, og prisen på innsatsfaktorar har auka monaleg. Inflasjonen og renta har stige kraftig. Dette fører til auka usikkerheit i verdensøkonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt enno.

Banken med si fordeling 79 % PM og 21 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalstatus har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

Utlån med statsgaranti frå Eksportfinansiering Norge (Eksfin)

Dette er ei låneordning som staten har innført for å hjelpe bedrifter som står i ei akutt likviditetskrise som fylgje av direkte eller indirekte verknader av Covid-19. Ordninga er basert på at det er bankane som skal administrere den og syte for at vilkår i lov og forskrift er oppfylt.

Statleg garanterte lån under ordninga inneber at staten garanterer for 90 % av banklån til bedrifter som kvalifiserer under ordninga.

Vekselbanken har fått tildelt ei ramme på 148,3 mill. kr under ordninga, og har pr. utgangen av 2. kvartal innvilga lån for 32,1 mill. kr fordelt på 16 lån. Ordninga vart lukka pr. 1.7.2022.

NOTE 2 - Rekneskapsprinsipp og -estimat

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2023 - 30.09.2023. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2022.

Covid-19-situasjonen og etterfylgjande krig i Ukraina førte til ein vesentleg og rask endring i kredittrisikoen for banken sin portefølje. Uvisse knytt til dette, gjorde det naudsynt å gjera ein justering på porteføljnivå for forventa tap.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I

årsrekneskapen for 2022 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørende bruk av rekneskapsprinsipp.

Estimat og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevisse vurderingar ifm. nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19 eller krigen i Ukraina.

Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2022 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2. Betalingslettingar gjeve som konsekvens av covid-19-situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearancemarkering eller overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kredittporteføljen, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjane er innafør banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafør ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike segmenta og bransjane. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar.

Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane.

Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 2,0 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret.

Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 0,7 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret.

Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

For verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

NOTE 3 - Kredittforringa engasjement

Misleghald over 90 dagar

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2023	2022	2022
Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden	4.550	16.413	18.485
Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden	278	170	1.780
Nedskrivningar i steg 3	-1.152	-8.628	-8.625
Netto misleghelde engasjement	3.676	7.955	11.640

Andre kredittforringa

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2023	2022	2022
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	14.880	12.715	10.759
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	26.151	28.039	24.994
Nedskrivningar i steg 3	-12.477	-12.723	-11.307
Netto andre kredittforringa engasjement	28.554	28.031	24.446

NOTE 4 - FORDELING UTLÅN KUNDAR

Utlån til kundar fordelt på sektorar og næring

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2023	2022	2022
Primærnæringar	35.271	34.159	34.559
Industri og bergverk	39.720	28.597	26.824
Kraftforsyning	4.540	4.540	4.365
Bygg og anleggsverksemd	106.055	68.734	66.945
Varehandel	83.226	79.502	72.850
Transport	24.209	20.521	19.100
Overnattings- og serveringsverksemd	44.400	51.884	49.558
Informasjon og kommunikasjon	10.667	2.869	2.502
Omsetning og drift av fast eigedom	505.367	446.527	493.458
Tenesteytande verksemd	272.884	226.594	252.166
Sum næring	1.126.339	963.927	1.022.328
Personkundar	4.230.764	4.046.214	4.068.362
Brutto utlån	5.357.103	5.010.141	5.090.690
Steg 1 nedskrivningar	-3.383	-2.891	-2.861
Steg 2 nedskrivningar	-7.347	-4.975	-5.130
Steg 3 nedskrivningar	-13.629	-21.344	-19.927
Netto utlån til kundar	5.332.745	4.980.931	5.062.773
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	629.634	546.305	542.188
Totale utlån inkl. portefølja i EBK	5.962.379	5.527.236	5.604.961

NOTE 5 - Nedskrivningar, tap, finansiell risiko - morbank

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningstidpunkt og samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månader venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskonteringa.

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	111	1.537	9.395	11.043
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	228	-228	0	0
Overføringer til steg 2	-108	108	0	0
Overføringer til steg 3	-1	0	1	0
Netto endring	189	853	-6.910	-5.869
Endringar som fylgje av nye eller auka utlån	233	204	103	540
Utlån som er frårekna i perioden	-89	-693	-183	-965
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endring i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	0	0	0	0
Nedskrivningar personmarknaden pr. 30.09.2023	564	1.780	2.405	4.749

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	3.833.915	205.260	29.187	4.068.362
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	41.714	-41.714	0	0
Overføringer til steg 2	-190.144	192.498	-2.354	0
Overføringer til steg 3	-1.137	0	1.137	0
Netto endring	-71.023	-15.312	-5.460	-91.795
Nye utlån utbetalt	1.193.406	60.399	2.940	1.256.745
Utlån som er frårekna i perioden	-927.871	-68.661	-6.016	-1.002.548
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.09.2023	3.878.860	332.470	19.434	4.230.764

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	2.750	3.591	10.526	16.867
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	517	-517	0	0
Overføringer til steg 2	-232	232	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-929	1.601	153	825
Endringar som fylgje av nye eller auka utlån	369	245	0	614
Utlån som er frårekna i perioden	-75	-661	-5	-742
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endring i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	419	1.077	550	2.046
Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 30.09.2023	2.819	5.567	11.224	19.610

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2023	839.197	156.778	26.353	1.022.328
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	87.653	-87.653	0	0
Overføringer til steg 2	-146.972	146.972	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	404.168	9.511	811	414.490
Nye utlån utbetalt	217.734	18.943	0	236.677
Utlån som er frårekna i perioden	-491.818	-54.173	-1.165	-547.156
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.09.2023	909.962	190.378	25.999	1.126.339

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	261	197	3	461
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	78	-78	0	0
Overføringer til steg 2	-15	15	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	-174	81	-3	-96
Endringar som fylgje av nye eller auka unyttå kredittar og garantiar	52	0	0	52
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-38	-42	0	-80
Endra eksponering eller endring i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	0	0	0	0
Nedskrivningar pr. 30.09.2023	164	173	0	337

30.09.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2023	272.809	24.537	8	297.354
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	11.758	-11.758	0	0
Overføringer til steg 2	-13.451	13.451	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring	47.879	-3.862	773	44.791
Nye/endra unyttå kredittar og garantiar	39.679	95	0	39.773
Engasjement som er frårekna i perioden	-92.893	-5.680	-351	-98.924
Brutto engasjement pr. 30.09.2023	265.781	16.783	430	282.994

Nedskrivningar i steg 3 på utlån og garantiar	30.09.2023	30.09.2022	30.09.2022
Nedskrivningar ved starten av perioden		19.931	22.242
Auka nedskrivningar i perioden		1.385	1.760
Nye nedskrivningar i perioden			300
Tilbakeføring av nedskrivningar frå tidligare periodar		-316	-122
Konstaterte tap på lån som tidligare er nedskrivne		-7.371	-2.837
Nedskrivningar steg 3 ved slutten av perioden		13.629	21.343

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.09.2023	30.09.2022	31.12.2022
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-6.302	-899	-2.315
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	-3		
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	2.741	-346	301
Konstaterte tap i perioden, der det tidligare er føreteke nedskrivningar i steg 3	7.371	2.838	4.344
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3	248		
Perioden sin inngang på tidligare periodar sine nedskrivningar	-204	-53	-599
Tapskostnader i perioden	3.851	1.540	1.731

RESULTAT	3. kvartal		2023	
	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	88.935	49.907	-40.687	98.155
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			3.360	3.360
Netto provisjonsinntekter			10.443	10.443
Verdiendring verdipapir			9.708	9.708
Andre inntekter			3	3
Sum andre driftsinntekter	0	0	23.513	23.513
Løn og andre personalkostnader			21.035	21.035
Andre driftskostnader			29.026	29.026
Avskrivningar på driftsmidler			1.073	1.073
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	51.134	51.134
Tap på utlån	2.325	1.526		3.851
Vinst aksjar				0
Driftsresultat før skatt	86.610	48.381	-68.308	66.683
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto utlån og fordringar på kundar	4.226.015	1.106.729		5.332.744
Innskot frå kundar	3.335.371	1.025.583		4.360.954

Banken utarbeidar rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som vert fylgd opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter banken si vurdering, foreligg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken.

Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsm informasjon.

RESULTAT	3. kvartal		2022	
	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	68.529	31.025	-20.189	79.365
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			3.976	3.976
Netto provisjonsinntekter			10.453	10.453
Verdiendring verdipapir			-4.198	-4.198
Andre inntekter			17	17
Sum andre driftsinntekter	0	0	10.247	10.247
Løn og andre personalkostnader			17.061	17.061
Andre driftskostnader			22.004	22.004
Avskrivningar på driftsmidler			1.147	1.147
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	40.212	40.212
Tap på utlån	214	1.326		1.541
Vinst aksjar				0
Driftsresultat før skatt	68.315	29.699	-50.154	47.859
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto utlån og fordringar på kundar	4.035.557	945.373		4.980.930
Innskot frå kundar	3.076.980	930.941		4.007.921

RESULTAT	2022			
	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	95.266	45.026	-30.950	109.342
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			4.571	4.571
Netto provisjonsinntekter			14.901	14.901
Verdiendring verdipapir			2.692	2.692
Andre inntekter			17	17
Sum andre driftsinntekter	0	0	22.181	22.181
Løn og andre personalkostnader			24.066	24.066
Andre driftskostnader			33.570	33.570
Avskrivningar på driftsmidler			1.516	1.516
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	59.152	59.152
Tap på utlån	726	1.005		1.731
Vinst aksjar				0
Driftsresultat før skatt	94.540	44.021	-67.921	70.640
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto utlån og fordringar på kundar	4.057.313	1.005.461		5.062.774
Innskot frå kundar	3.137.722	937.109		4.074.831

NOTE 7 - VERDIPAPIR - KONSERN

30.09.2023				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultat		456.728		456.728
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			109.502	109.502
Sum	-	456.728	109.502	566.231
30.09.2022				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultat		440.663		440.663
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			88.559	88.559
Sum	-	440.663	88.559	529.222

Verkeleg verdimålingar og –opplysningar klassifisert etter nivå

I tabellane over er det nytta fylgjande nivåinndeling:

Nivå 1: Verdsetjing er fastsett ut frå kvoterte priser i aktive marknader.

Nivå 2: Verdsetjing er utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.

Nivå 3: Vurderingar som baserer seg på observerbare marknadsdata. Verdsetjinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsetjinga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verdivurdering av dei einskilde selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsetjingsmetodar. Denne verdivurderinga vert vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetjingskurs, og der det er teke omsyn til banken sine egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen. Til saman utgjør desse aksjane 75,7 mill. kroner av totalt 109,5 mill. kroner i nivå 3.

SPESIFIKASJON AV OBLIGASJONS-, FONDS- OG AKSJEPORTEFØLJE

Renteportefølje	30.09.2023	30.09.2022
Fondsandelar		
DNB Euro. Cov. Bonds	60.378	58.615
DNB OMF	189.319	180.995
DNB Global Treasury	159.595	153.493
DNB Obligasjon 20 E	47.436	47.559
Sum renteportefølje	456.728	440.663

Aksjeportefølje	30.09.2023		30.09.2022	
Namn	Tal aksjar	Bokført verdi	Tal aksjar	Bokført verdi
SDC	0	0	2.603	1.484
Eika Gruppen	159.108	41.368	146.335	33.877
Eksportfinans	1.050	20.013	1.050	20.013
Eika Boligkreditt	7.917.077	34.334	4.708.930	20.298
Kveik AS	5	5	5	5
Næringshagen Voss	49.500	250	49.500	250
VossaLøysinga	5	5	5	5
Visa C konvertible via VNH1		260		393
VN Norge		990		1.495
Eiendomskreditt	8.212	1.000	8.212	1.000
Eika VBB AS	2.243	11.276	1.762	9.586
Sum aksjeportefølje		109.502		88.406

NOTE 8 - VERDIPAPIRGJELD

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	30.09.2023	Bokført verdi 30.09.2022	31.12.2022	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010807928	10.10.2017	10.03.2023	32.000	0	150.302	32.127	3 mnd. NIBOR + 0,90 %
NO0010816085	12.02.2018	12.09.2023	175.000	0	175.321	175.403	3 mnd. NIBOR + 0,88 %
NO0010853369	29.05.2019	18.03.2024	150.000	150.263	150.107	150.212	3 mnd. NIBOR + 0,70 %
NO0010873185	16.01.2020	16.01.2025	150.000	151.581	150.825	151.248	3 mnd. NIBOR + 0,69 %
NO0011027005	15.06.2021	15.09.2025	180.000	180.344	180.263	180.319	3 mnd. NIBOR + 0,54 %
NO0012495946	20.04.2022	30.08.2024	175.000	175.663	175.492	175.646	3 mnd. NIBOR + 0,57 %
NO0012785155	16.12.2022	16.03.2026	200.000	200.381	0	125.248	3 mnd. NIBOR + 1,25 %
NO0012935446	08.06.2023	08.03.2027	200.000	200.936	0	0	3 mnd. NIBOR + 1,26 %
Over- / underkurs					-274	-229	
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				1.059.167	982.036	989.974	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	30.09.2023	Bokført verdi 30.09.2022	31.12.2022	Rente- vilkår
Ansvarleg lånekapital							
NO0010871395	10.04.2019	18.12.2029	60.000	60.131	60.065	60.109	3 mnd. NIBOR + 1,80 %
Sum ansvarleg lånekapital				60.131	60.065	60.109	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2022	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 30.09.2023
Obligasjonsgjeld	989.974	275.000	-207.000	1.193	1.059.167
Sum gjeld stiftet ved utferding av verdipapir	989.974	275.000	-207.000	1.193	1.059.167
Ansvarlege lån	60.109			22	60.131
Sum ansvarlege lån og fondsobligasjoner	60.109	0	0	22	60.131

NOTE 9 - KAPITALDEKNING - MORBANK

Kapitaldekning	3. kvartal	3. kvartal	Året
Morbank	30.09.2023	30.09.2022	31.12.2022
Opptent egenkapital	500.302	472.118	525.933
Overkursfond	46.995	46.995	46.995
Innbetalt aksjekapital	11.019	11.019	11.019
Fond for urealiserte vinstar	33.401	28.020	33.401
Sum egenkapital	591.718	558.152	617.348
Avsett utbytte	0	0	-23.315
Frådrag for forsvarleg verdsetjing	-4.488	-4.273	-4.290
Frådrag i rein kjernekapital	-51.187	-29.790	-42.372
Rein kjernekapital	536.043	524.089	547.371
Fondsobligasjonar	50.000	40.000	50.000
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	586.043	564.089	597.371
Ansvarleg lånekapital	60.000	60.000	60.000
Frådrag i tilleggskapital	0	,	0
Sum tilleggskapital	60.000	60.000	60.000
Netto ansvarleg kapital	646.043	624.089	657.371
	30.09.2023	30.09.2022	31.12.2022
Eksponeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndigheit	0	0	0
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	199	0	91
Føretak	147.839	216.266	212.500
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	2.281.734	2.016.526	2.055.152
Forfalne engasjement	35.842	37.473	37.424
Høgrisiko engasjement	51.225	0	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	97	0
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	40.976	24.745	29.803
Andelar verdipapirfond	47.496	42.913	45.222
Eigenkapitalposisjonar	59.365	55.801	59.617
Øvrige engasjement	72.925	166.493	119.613
CVA-tillegg	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	2.737.601	2.560.314	2.559.422
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	213.566	203.037	213.566
Berekningsgrunnlag	2.951.167	2.763.351	2.772.988
Kapitaldekning i %	21,89 %	22,58 %	23,71 %
Kjernekapitaldekning	19,86 %	20,41 %	21,54 %
Rein kjernekapitaldekning i %	18,16 %	18,97 %	19,74 %
Konsolidering av samarbeidande grupper			
Banken rapporterar kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,89 % i Eika Gruppen AS og på 0,88 % i Eika Boligkreditt AS.			
	30.09.2023	30.09.2022	31.12.2022
Rein kjernekapital	570.246	542.499	572.250
Kjernekapital	625.319	585.884	625.715
Ansvarleg kapital	690.455	649.733	689.818
Berekningsgrunnlag	3.189.108	2.928.169	2.956.017
Kapitaldekning i %	21,65 %	22,19 %	23,34 %
Kjernekapitaldekning	19,61 %	20,01 %	21,17 %
Rein kjernekapitaldekning i %	17,88 %	18,53 %	19,36 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	8,95 %	9,21 %	9,62 %

NOTE 10 - AKSJAR

Dei 20 største aksjonærene:

30.09.2023

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	56.649	2,55 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	52.461	2,36 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	34.196	1,54 %
METT & GO AS	33.300	1,50 %
PROFOND AS	32.667	1,47 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.222	1,00 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS	19.994	0,90 %
ANDERS VAKSDAL	18.000	0,81 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
LIMONE AS	14.727	0,67 %
INGUNN RIO	12.580	0,57 %
Sum 20 største	823.651	37,11 %
Øvrige aksjonærar	1.396.861	62,89 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)	2.220.512	100,00 %

Antal aksjar:

2.220.512

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 3. kvartal:

291,17

Børskurs ved utgangen av 3. kvartal:

216,00

30.09.2022

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	222.050	10,00 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	57.149	2,57 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	52.461	2,36 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	47.000	2,12 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
FJORDSYN AS	33.872	1,52 %
PROFOND AS	33.049	1,49 %
METT & GO AS	30.000	1,35 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
FOSSEN HAAKEN	22.222	1,00 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
ANDERS VAKSDAL	20.000	0,90 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
HASLELUND HOLDING AS	19.994	0,90 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,76 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
LIMONE AS	14.727	0,67 %
INGUNN RIO	12.580	0,56 %
Sum 20 største	822.909	37,06 %
Øvrige aksjonærar	1.397.603	62,94 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)	2.220.512	100,00 %

Antal aksjar:

2.220.512

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 3. kvartal:

271,08

Børskurs ved utgangen av 3. kvartal:

210,00

NOTE 11 - Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje førekomme hendingar etter utløpet av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller notar til rekneskapen.

NYKKELTAL - MORBANK

	3. kvartal	3. kvartal	Året
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2023	2022	2022
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	47,09 %	44,76 %	47,60 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	9,62 %	11,65 %	12,00 %
Innskotsmargin hittil i år	1,65 %	1,01 %	1,18 %
Utlånsmargin hittil i år	1,29 %	1,48 %	1,38 %
Netto rentemargin hittil i år	2,18 %	1,85 %	1,90 %
Eigenkapitalavkastning ¹ (konsern)	10,16 %	8,07 %	8,69 %
¹ Basert på totalresultat, eigenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	21,03 %	19,24 %	20,08 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	12,95 %	11,90 %	11,76 %
Innskotsdekning	81,41 %	80,00 %	80,04 %
Innskotsvekst (12 mnd)	8,81 %	0,83 %	2,63 %
Utlånsvekst (12 mnd)	6,93 %	0,60 %	1,12 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	7,74 %	4,65 %	4,59 %
Gjennomsnittleg rådveldeskapital (GFK)	6.011.702	5.742.718	5.757.073
Gjennomsnittlig rådveldeskapital (GFK) inkl. EBK	6.598.783	6.184.955	6.223.530
Nedskrivningar på utlån og misleghald			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittleg brutto utlån	0,10 %	0,04 %	0,03 %
Tapsavsetningar i % av brutto utlån	0,45 %	0,58 %	0,55 %
Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert			
	2023	2022	2022
Soliditet¹			
Rein kjernekapitaldekning	17,88 %	18,53 %	19,36 %
Kjernekapitaldekning	19,61 %	20,01 %	21,17 %
Kapitaldekning	21,65 %	22,19 %	23,34 %
Uvekta kjernekapitalandel	8,95 %	9,21 %	9,62 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	741	350	352
NSFR	138	136	139